



## Møteprotokoll

---

<b>Utval:</b>	Partssamansett utval Nye Øygarden kommune
<b>Stad:</b>	Skjenet 2, møterom i andre etasje
<b>Dato:</b>	23.04.2019
<b>Tid:</b>	09:00 – 09:50

---

### Medlemer som møtte:

Marianne Sandahl Bjorøy	Leiar	AP
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Silvia Haugland	Medlem	Uavhengig
Espen Harketstad	Medlem	AP
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
Jogeir Sognæs	Medlem	AP
Nina Zandstra	Medlem	Utdanningsforbundet
Bodil Aleksandersen	Medlem	Fagforbundet
Cathrine Olsen	Medlem	Utdanningsforbundet
Hildegunn Høyland	Medlem	Fagforbundet
Vibecke Hodnekvam	Medlem	Utdanningsforbundet
Solveig D Rong	Medlem	Fagforbundet

---

### Forfall:

Børge Haugetun	NESTL	TVØ
Anita Garlid Johannessen	MEDL	FRP

---

### Varamedlemer som møtte:

Ingen vara då forfall ikkje var meldt.

---

### Andre:

Prosjektrådmann Rune Lid, informasjonsleiar Vignleik Brekke, møtesekretær Unni Rygg.

---

Leiar Marianne Sandahl Bjorøy

underskrifter

# SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 4/19	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 5/19	Referatsaker og orienteringar
PS 6/19	Etisk reglement for nye Øygarden kommune frå 01.01.2020

## PS 4/19 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

### Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 23.04.2019:

Det var tretten medlemmer til stades av utvalet då nestleiar Børge Haugetun og medlem Anita Garlid Johannessen ikkje møtte og ikkje hadde meldt forfall til møtet.

Saksliste og protokoll frå førre møte (08.03.2019) vart godkjente utan merknader.

Innkallinga vart godkjent med merknad om at høyringsuttalar til sak 6/19 ikkje var lagt ved. Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste til at høyringsuttalar er behandla av utval for politisk styringsstruktur, i møte 14.02.2019, og innarbeidd i dokumentet «*Framlegg til etiske retningslinjer for Nye Øygarden kommune 01.01.2020*». Etter førespurnad vart høyringsuttala frå Akademikerne i Sund kommune delt ut på papir til alle i møtet, medan høyringsuttala frå arbeidstakarorganisasjonane og vernetenesta i Fjell kommune allereie var kjente for medlemene i utvalet.

### Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 23.04.2019:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte vert godkjente.

## PS 5/19 Referatsaker og orienteringar

- Statusorientering frå prosjektrådmann Rune Lid

### Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 23.04.2019:

#### Statusorientering frå prosjektrådmann Rune Lid

Lid informerte om prosessen med å tilsetje assisterande kommunalsjefar og andre leiarar, og alle leiarar skal vere tilsette i løpet av veke 18. Leiarar på nivå 2 og kommunalsjefane skal saman bygge den nye organisasjonen og organisasjonskartet skal vere ferdig utarbeidd innan 31.mai. På leiarmøte 27.mai vil prosessen med å innplassere alle tilsette vedtakast og formidlast vidare på informasjonsmøter for alle tilsette, og sjølve innplasseringa vil gjennomførast innan 21.juni. *Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy takka for statusmeldinga frå prosjektrådmannen og den vart deretter teken til orientering.*

### Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 23.04.2019:

Statusmeldinga vert teken til orientering.

# **PS 6/19 Etisk reglement for nye Øygarden kommune frå 01.01.2020**

## **Innstilling:**

Etiske retningslinjer for Øygarden kommune frå 01.01.20, vert vedtekne slik dei ligg føre.

## **Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 23.04.2019:**

Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste til handsaminga av sak 4/19 og utdeling av høyringsuttalar til denne saka.

Etter ein lengre diskusjon vart det semje om å vedta følgjande fellesframlegg v/ møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy:

Etiske retningslinjer for Nye Øygarden kommune 01.01.2020 vert lagt ut på ny høyring med frist tysdag 14.mai 2019, og høyringsdokumenta skal sendast til arbeidstakarorganisasjonane og dei politiske partigruppene for uttale. Etter fristen skal ev. nye høyringsuttalar behandlast av utval for politisk styringsstruktur. Det skal deretter fremjast ny politisk sak, og både framlegg til etiske retningslinjer og alle innkomne høyringsuttalar skal følgje saka som vedlegg, til ny behandling i partssamansett utval 4.juni 2019 og påfølgjande møte i fellesnemnda 17.juni 2019.

## **Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 23.04.2019:**

Etiske retningslinjer for Nye Øygarden kommune 01.01.2020 vert lagt ut på ny høyring med frist tysdag 14.mai 2019, og høyringsdokumenta skal sendast til arbeidstakarorganisasjonane og dei politiske partigruppene for uttale. Etter fristen skal ev. nye høyringsuttalar behandlast av utval for politisk styringsstruktur. Det skal deretter fremjast ny politisk sak, og både framlegg til etiske retningslinjer og alle innkomne høyringsuttalar skal følgje saka som vedlegg, til ny behandling i partssamansett utval 4.juni 2019 og påfølgjande møte i fellesnemnda 17.juni 2019.